

Arkiv:
JournalpostID: 19/435
Saksbehandlar: Ørjan Raknes
Forthun
Dato: 05.11.2019

Saksframlegg

Saknr.	Utvalg	Møtedato
002/19	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	19.11.2019

Vedtekter for kommunale barnehagar i Alver kommune

Vedlegg i saken:

05.11.2019	Høyring Vedtekter bhg Alver	1325968
05.11.2019	Høyringsbrev - vedtekter	1325967

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til vedtekter for kommunale barnehagar i Alver kommune vert sendt på høyring med høyringsfrist 6. januar 2020.

Politisk handsaming

Denne saka skal til handsaming i Utval for oppvekst, kunnskap og kultur.

Saka kjem opp igjen i Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 11. februar, og skal endeleg handsamast i kommunestyret 20. februar 2020.

Bakgrunn

Kommunane Lindås, Meland og Radøy slår seg frå 01. januar 2020 saman til Alver kommune.

Vedtekter for kommunale barnehagar i dei tre noverande kommunane må erstattast med nye.

Rådmannen har utarbeidd framlegg til nye vedtekter for kommunale barnehagar i Alver kommune.

I Barnehagelova § 7 står det mellom anna, sitat: *Barnehageeieren skal fastsette barnehagens vedtekter. Vedtektene skal gi opplysninger som er av betydning for foreldrenes / de foresattes forhold til barnehagen, herunder*

- a. Eierforhold
- b. Formål, jf §§ 1 og 1 a
- c. Opptakskriterier
- d. Antall medlemmer i samarbeidsutvalget
- e. Barnehagens åpningstid

Godkjente virksomheter skal være registrert i Enhetsregisteret.

Høyringsinstansane vert no inviterte til å gje si vurdering av framlegget.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 19.11.2019:

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøyste vedteke.

OKK- 002/19 Vedtak:

Framlegg til vedtekter for kommunale barnehagar i Alver kommune vert sendt på høyring med høyringsfrist 6. januar 2020.